



KVINNHERAD
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|-----------------------|---------------------|-------------------|--------------|-------------------|
| Karin Thauland | | 2019/144-4 | «REF» | 22.02.2019 |

Særutskrift - Konesjon - 152/1 - Sunde - Linda Gjerde Opdal og Tormod Gjerde Opdal

Kvinnherad forvaltningskomite hadde saka føre i møte 06.02.2019 med vedtak nr. 2019/26. Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Alle dokument som høyrer til saka ligg på kommunen sitt elektroniske arkiv:

<http://82.134.72.200/elnnsynKK/RegistryEntry/Case?caseId=62543>

Eventuelle spørsmål kan rettast til sakshandsamar.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter forvaltningslova kapittel IV og klageføreseigner i eventuelle særlover. Klagefristen er 3 veker i frå vedtak vert motteke.

Med helsing

Bente Høyland
Møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Karin Thauland

Mottakarar:

Jan Helge Skogen

Linda Gjerde Opdal

Tormod Gjerde Opdal

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2019/144-3

Saksbehandlar

Karin Thauland

| Saksgang | | |
|----------|----------------------|------------|
| Saksnr | Utval | Møtedato |
| 2019/26 | Forvaltningskomiteen | 06.02.2019 |

Behandling - Søknad om konsesjon - 152/1 - Sunde - Linda Gjerde Opdal og Tormod Gjerde Opdal

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad Forvaltningskomité gir Linda Gjerde Opdal og Tormod Gjerde Opdal konsesjon på overtaking av gnr/bnr 152/1

Det vert sett som vilkår for konsesjon at:

- Eigedomen tek del i fellestiltak i utmark

Behandling i Forvaltningskomiteen den 06.02.2019

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 06.02.2019

Kvinnherad Forvaltningskomité gir Linda Gjerde Opdal og Tormod Gjerde Opdal konsesjon på overtaking av gnr/bnr 152/1

Det vert sett som vilkår for konsesjon at:

- **Eigedomen tek del i fellestiltak i utmark.**

Saksutgreiing

Søkjjarar: Linda Gjerde Opdal og Tormod Gjerde Opdal, Fageråsen 6A, 5093 Bergen


Overdragar: Jan Helge Skogen, Sondreveien 4k, 0378 Oslo

Det vert søkt om konsesjon på overtaking av gnr/bnr 152/1 på Sunde

Søknad motteke 10.1.2019 . Dei to søkjarane er gifte.

Arealet

Driftseininga har 25 dekar fulldyrka jord, 8,2 dekar overflatedyrka jord 0,5 dekar innmarksbeite og 100 dekar produktiv skog. I lag med anna areal er det 283 dekar på eigedomen. I tillegg er det 196 dekar i uregistrert jordsameige. Av dette er 32 dekar skog i følgje Gardskartet til Skog og landskap.



Gardskart:

<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/1224/152/1/0>


Bygninger:

Våningshus frå 1921. Dårlig teknisk stand.

Eldre driftsbygning .Dårlig forfatning.

Vedbod og hønsehus i dårleg forfatning.

½ eldre naust. Sameige med nabo.



Kjøpesum: kr 4.900.000

Søklarane vi restaurere bygningane og busette seg der. I første omgang vert jorda leigd vekk. Ein av søklarane har vakse opp på bruk med mjølkeproduksjon og den andre har delteke i gardsarbeidet på dette bruket dei seinare åra.

Vurdering:

Søknaden er vurdert etter Konesjonslova si § 5 og *Rundskriv M 2 og 3 - 2009 frå Landbruks og matdepartementet*.

Som utgangspunkt er det søkjars føremål med kjøpet som vurderast i høve til å gi konsesjon, då i forhold til relevante samfunnsinteresser som gjer seg gjeldande i saken, jf. Konesjonsloven § 1. Gjeld kjøpet landbrukseigedom, gjeld og konsesjonslova § 9.

I konsesjonslova § 9 første ledd skal det i vurderinga leggjast særleg vekt på kjøpars føremål vil ta hand om omsynet til busetting i området, korleis kjøpet innebere ein driftsmessig god løysing, om kjøpar reknast skikka til å driva eigedommen, og om kjøpet tar hand om omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Andre omsyn kan og takast med i vurderinga om naudsynt.

Busetting/ Buplikt:

Ved overtaking av eigedomar med meir enn 35 dekar fulldyrka jord og eller meir enn 500 dekar produktiv skog, er det lovpålagd buplikt. Overtakar må på busette seg på eigedomen innan 5 år og bur der i minst 5 år, jf. Konesjonslova si § 7.

Konesjonseigedomen har mindre enn 35 dekar dyrka jord og mindre enn 500 dekar produktiv skog. Etter statleg pålegg, er det ikkje buplikt, men søklarane har planar om å busette seg på eigedomen i år 2022.

I samband med handsaming av konsesjonssøknader, kan kommunen pålegge buplikt på eigedomar med mindre enn 35 dekar dersom busettingsomsynet er viktig. Busetting er viktig og ønskjeleg frå kommunen si side. Kommune skal lage retningsliner for handsaming av bupliktsaker. Før det evt vert vedteke at Kvinnherad vil innføre buplikt på mindre eigedomar enn dei som staten pålegg finn ikkje administrasjonen grunnlag for å sette buplikt som konsesjonsvilkår i samband med denne overdraginga.

Driftsmessig god løysing:

Kjøparane skal halda fram med å leige ut jorda til nabo som no. Søklarane er kvalifiserte til å eige og drive eigedomen.

Konesjonslova § 9a om priskontroll:

Landbrukseigedomar med meir enn 35 dekar dyrka jord og som vert omsett for meir enn kr 3,5 millionar, skal prisvurderast etter gjeldane reglar. I dette høve er summen kr 4.9 millionar, men arealet er under 35 dekar. Rådmannen finn ikkje grunn til å foreta prisvurdering i samband med denne overdraginga.

Konklusjon:

Ut i frå opplysningane som ligg føre, finn administrasjonen å kunne rå til konsesjon på vilkår at søkerane tek del i fellestiltak i utmark.

Vedlegg:

Konsesjonssøknader